

Styremøte Sunnfjord kulturråd

02.05.24 kl 19.00

Til stade: Kari Eikås, Åsmund Rakke, Kirsten Friis, Leon Årdal, Svein Inge Bjørkedal, Johan Bengtsson

Referat:

Informasjon: Sekretær Johan Bengtsson har sagt opp jobben som kulturleiar. Han blir 62 år 13.12.24 og går av med AFP 31.12.2024.

1. Jølstrahuset

Heimeyrkesskulen, Vassenden. Jølstrahuset har fått 250.000 kr frå Kulturdirektoratet for forprosjekt søkt gjennom Sunnfjord kulturråd. Janne Karin Støylen skreiv søknaden. I tillegg har prosjektet fått 17.000 kr i kulturmidlar frå Sunnfjord kommune. Jølstrahuset venter på svar på søknad om KUP-midlar frå Vestland fylkeskommune. Jølstrahuset planlegg sommarkurs for lærarar og andre i august 2024. Olin Steinsvik er engasjert for å drive kursa. Det er planlagt møte med Sunnfjord kommune 6. mai om tilgang til Heimeyrkesskulen. Sunnfjord kulturråd er inne i prosjektet inntil det står på eigne bein. Det vert jobba med ulike organisasjonsformer for Jølstrahuset for framtida.

2. Sommar kunst- kulturskule for barn og ungdom

«Saka om sommarkunstskule (opphevleg initiert som eit privat oppspel) var oppe under sak 6 Diverse i kulturrådet sitt møte 28.februar 2023.

Styret drøfta dette og uttalte, ifølgje referatet:

"Forslag om samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Kunstlag, Ung husflid og Sunnfjord kulturskule. Det bør vere eit godt tiltak for søknad til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sunnfjord kommune. Sunnfjord Kunstlag kan stå som eigar av prosjektet. Dette kan vere innkomande sak til årsmøtet."

Sommarkunstskule kom ikkje opp som sak på årsmøtet 18.april 2023.»

Vedtak ved styremøte 18.03.24: *Sunnfjord kulturråd vil söke om økonomisk støtte til Dans og kunsttilbod som eit prøveprosjekt i 2024. Målet er å gjennomføre eit sommerkurs 12-16. august 2024. Sunnfjord kulturråd setter ned ein arbeidsgruppe for å lage prosjektbeskrivelse og planlegge sommerkurset. Arbeidsgruppe: Johan, Kirsten, Eva Marie. Svein Inge sender inn söknaden på vegne av Sunnfjord kulturråd.*

Ved styremøtet 02.05.24 blei det konstatert at arbeidet ikkje har starta opp og at det er for seint for å starte eit godt tilbod i 2024. Styret ynskjer følgje planen frå årsmøtet 2023, men det blir først høve til å starte opp tilbod i 2025. For å få det til må planlegginga starte i 2024. Styret vil kalle inn Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Kunstlag, Ung husflid og Sunnfjord kulturskule til møte om dette våren 2024 eller seinast september 2024. Styret vil også sjå på om det er høve til å starte tilbod innom andre kulturgreiner som teater, dans og musikk.

3. Årsmøte i Vestland kulturråd

Årsmøtet blei avholdt i Sogndal mandag 29.04.24. Innkalling leggast ved. Referat vert sendt ut når det er klart.

Rapport frå årsmøtet: «Vi hadde en trivelig kveld i Sogndal og fikk gjennomført første ordinære årsmøte i Vestland kulturråd. En milepel etter mange års arbeid ! Askøy, Bergen, Alver, Voss, og Sogndal var representert på møtet.

Etter årsmøtet hadde vi en prat rundt bordet om felles gleder og utfordringer i kulturlivet, og klokka ble vel bortimot 21:30 før vi ga oss.

Når protokoll er ferdig sender vi denne til dere slik at dere eventuelt kan videreformidle til «de frivillige» i Sunnfjord.

Vi vil gjerne ha dere med i det videre arbeidet, og da er det viktig at dere er informert om hva som skjer tenker vi! 😊

Mvh Geir Storrø
Leder Vestland kulturråd»

4. Innspel til økonomiplanen for Sunnfjord kommune 2025 – 2036

Styret i Sunnfjord kulturråd gir følgjande innspel:

- Sunnfjord kulturråd ynskjer framskunde noko av oppgraderinga av Førdehuset, slik at heile huset kan bli tatt i bruk for Kulturlivet, vaksne, eldre, ungdom og studentar.
- Sunnfjord kulturråd ber Sunnfjord kommune om å la det frivillige kulturlivet ta hand om gamle kommunale bygg som t.d. Gamlebanken og Heimeyrkesskulen. Overtaking bør skje for ein symbolsk sum. Gevinsten for Sunnfjord kommune er å sleppe ansvar og utgifter for bygg dei ikkje brukar.

5. Førebuing før møte med kommunalsjefen om evaluering av samarbeidsavtalen

Det er viktig med direktekontakt med politikarane i oppvekst og kulturutvalet. Det er viktig at saker av felles interesse for kulturrådet verkeleg blir teke opp i kulturrådet. Sunnfjord kulturråd ynskjer ei auke av tilskotet frå Sunnfjord kommune, og gjerne eit fast honorar til leiar.

6. Førebuing av årsmøte i Sunnfjord kulturråd

Årsmøte mandag 13. mai. Årsmelding, budsjett, handlingsplan osb vert produsert av leiar nestleiar og kasserer 8. mai og vert sendt ut til medlemene same kvelden.

Førde 03.05.24

Johan Bengtsson, sekretær